

Kva er eit godt problem - i norsk som tekstfag?

*Skaftun, Sønneland og Berge, 2023.
Lesesenteret/UiS / språkløyper.no*



Illustrasjon: Matilda Wiklund

Kva meiner vi når vi snakkar om faglege problem og problemorientering? Dette er spørsmål som har korte og openberre svar, og som kan knytast til langt meir samansette og omfattande refleksjonar. Det korte svaret er at faglege problem er spørsmål og dilemma som fagpersonar i forskingsfaget er opptatt av. Problemorientert undervisning inneber å gi elevane anledning til å møte adekvate faglege spørsmål.

Vi liker å tenke på dette som “førstehandserfaring” av slike problem, som motstykke til å svare på oppgåver og spørsmål som læraren allereie veit svaret på.

Det lengre svaret startar med å peike på at norskfaget er samansett av ulike forskingsdisiplinar, som frå gamalt av har vore sortert i språk og litteratur. I litteraturdelen av faget studerer ein tekster og samspelet mellom tekst og kontekst, og i lys av ulike teoretiske perspektiv. Fortolkinga av tekster er ein kjerneaktivitet i denne faglege aktiviteten. Vi liker å sei at litteraturfaget arbeider med “teksten som problem”. Det er ei forenkling, men inga dårleg forenkling. Mot ein slik bakgrunn ligg det særleg godt til rette for å sette faglege problem i sentrum for elevane sitt arbeid i norskfaget. Tekster finnes lett tilgjengeleg i bøker og bokhyller og på Internettet. Problemorientert litteraturundervisning handlar dels om å finne «gode problem», men det er og avgjerande at tekstene vert presentert som ekte problem. Om dei didaktiske rammene blir for detaljerte, vil engasjementet rettast mot å gjere det oppgåva krev (proseduralt engasjement vert det gjerne kalla). Det vi ønsker er at elevane skal få moglegheit til å oppleve å bli engasjert i teksten sjølv, den faglege substansen (det vert ofte kalla substansielt engasjement).

Tekstarbeid er ikkje noko nytt i norskfaget. Det er ein lang og sterk tradisjon for tekstanalyse i norsk skole. Det er likefullt ein lang tradisjon for å karakterisere dette tekstarbeidet som styrt

av læraren si meisterlesing, av analyseoppskrifter og av jakt på verkemidlar. Det som ofte manglar i litteraturundervisinga er nettopp at elevane får møte teksten som eit ekte ope problem som kallar på tolking og kreativ tenking, og som ikkje nødvendigvis har ei løysing som alle er einig i. Forventninga om at læraren kjem med fasiten til slutt, sitt djupt hos både elevar og lærarar i norskfaget, og bidreg til å krympe rommet for engasjert deltaking i eit levande tolkingsfellesskap. Om vi ønsker å opne dette rommet, så må det skapast ei tillit til at elevane sine bidrag har verdi. Det betyr ikkje at læraren skal gi avkall på eiga fagleg dømmekraft, og anerkjenne alt elevane seier som like gyldig – det vil ganske raskt øydelegge tilliten til at invitasjonen til å bidra er ekte.

Ein måte å komme utenom forventninga om læraren sin fasit, som vi har hatt positive erfaringar med overfor elevar i ulike aldre, er å be elevane ta med tekster til diskusjon i klasserommet. Det kan vere ulike typer tekster, og valet treng ikkje nødvendigvis grunngjes. Vi har sett det som fornuftig å bruke korte tekster i denne fasen, gjerne sangtekster. Å opne for diskusjon av desse tekstene i klassen er ein måte for læraren å møte elevar på like fot i tekstarbeidet, i ein situasjon kor det er truverdig å hevde at det ikkje er ein fasit. Det er ikkje alle tekstene som er like meiningsfulle å diskutere, men det i seg sjølv kan og vere ei viktig felles erfaring for lærar og elevar på vegen mot å etablere og utvide rommet for tekstarbeidet i norskfaget. Og nokre av tekstane vi møter i sanglyrikken er reine perler – la oss hugse på at sir Bob fekk Nobelprisen i litteratur.

Interessant nok viser forskning at det ikkje er bare gjenkjennelege tema og problematikkar som skaper substansielt engasjement. Vi kan nesten sei tvert imot. I fleire studiar ser vi at ungdomsskoleelevar engasjerer seg substansielt i møte med litteratur som vi ikkje umiddelbart ser for oss at kan engasjere dei, som for eksempel noveller av Franz Kafka, Roy Jacobsen og Raymond Carver. Dette engasjementet ser ut til å handle om eit enkelt, men kanskje dermed oversett, naturleg *behov om å forstå* frå elevane si side. Det merkelege og underlege, det som dei opplever som framandt både i form og innhald, ser ut til å vere noko som vekker elevane si tolkingstrang. Vi ser at dei involverer seg i samtalane med ulik intensitet og ofte med liv og lyst, på jakt etter å skape samanhengar og meining, ja, på jakt etter å forstå kva tekstane handlar om. Elevane anerkjenner slike tekster som fagets problem, som relevante, faglege problem, kan vi sei.

Utfordringa er å bygge ei bru mellom den måten elevane spontant møter og forstår tekster på, og meir faglege måtar å snakke og skrive om tekster på. For å få til det, så må vi møte dei der dei er og vise dei at dei kan ha noko å sei i møtet med tekster som byr på motstand. Etter kvart som tilliten til at denne invitasjonen er ekte, kan vi sjå for oss at det vert etablert eit fellesskap knytta til arbeidet med tekster, som kviler på nokre felles verdiar og normer. Eit slikt velfungerande tolkingsfellesskap verdsett det beste argumentet og anerkjenner at ei tolking alltid kan formulerast på nye og endå meir presise måtar.

Er det mogleg å betrakte utvikling av elevane si faglegheit som eit langsiktig prosjekt, som begynner i første klasse og varar gjennom heile grunnskolen? Ideelt sett kan ein tenke seg at oppgåva med å aktivere elevane si erfaring i møte med tekster er viktigast i begynninga, og at dei etter kvart vil ha stadig meir fagleg erfaring med seg til litteraturarbeidet. På den måten held vi liv i elevane si “naturlege” evne og vilje til å forstå, samtidig som vi bidrar til å raffinere ho ved hjelp av tenkemåtane i faget. Når dette ikkje er gjort systematisk over tid – og det er det dessverre god grunn til å gå ut frå – så er det viktig å opprette denne forbindinga på ny; å gjenskape opplevinga av at “mi” forståinga av teksten har relevans i diskusjonen. Elles risikerer vi å produsere erfaringar frå tekstarbeidet som ikkje gjer meining for elevane utover å gjere som dei får beskjed om.

Oppsummert kan vi sei at problemorientert litteraturundervisning handlar om to sentrale tilnærmingar som vert aktivert til ulik tid. Først og framst handlar det om å anerkjenne tekster som faglege problem, og som elevane får møte som dei er – utan andre oppgåver som er styrande for merksemda og arbeidet deira. Etter kvart som tolkingsfellesskapen vert etablert og konsolidert handlar det i aukande grad og om å finne tekster som er vanskelege nok til å oppretthalde motivasjon for arbeidet.

Etter å ha lese fagteksten:

Bruk 5 min. til å notere ned dei tankane du nå gjer deg om norskfaglege problem.

Del og diskuter i gruppa.